

Notat

Går til:
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 01.02.2007
 Frå: **Per Karlsen, Odd Søreide og Hilde Christiansen**
 Sakshandsamar: **Anne May S. Sønstabø**
 Saka gjeld: **Definering av grenseverdier i styrerapporteringa**

Styremøte 14.02. 2007

Notatet er vedlegg til sak 12/07 B. Under følger dei einskilde styringsindikatorane med tilhøyrande grenseverdier slik det har blitt presentert i den nye styrerapporteringa i 2006. Nye grenseverdier er deretter foreslått for kvar indikator og det er lagt inn ein kommentar under kvar indikator.

1. KVALITET

1.1 Grenseverdier innan psykisk helsevern for barn

1.1.1 Indikator: Median ventetid for første vurdering

Grenseverdier 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 – 10 dagar	0 – 10 dagar
 Gult	10 – 30 dagar	10 – 30 dagar
 Rødt	30 – 365 dagar	Over 30 dagar

Kommentar

Dette er ein nasjonal indikator som blir samla inn av SH-dir. Den nasjonale målsettinga er 10 dagar, mens den er 30 dagar innan somatikk. For Helse Vest var ventetida 66 dagar i 1. tertial -06 og det nasjonale gjennomsnittet var på 39 dagar.

1.1.2 Indikator: andel diagnostisk vurdert

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	100 % - 80 %	100 % - 80 %
 Gult	80 % - 60 %	80 % - 60 %
 Rødt	60 % - 0	60 % - 0

Kommentar

Indikatoren viser andelen pasientar som er diagnostisk vurdert og som har fått ein ICD-10 diagnose i forhold til aksane i multiaksial klassifikasjon av barne- og ungdomspsykiatriske forstyrningar. Også dette er ein nasjonal kvalitetsindikator som blir administrert av SHdir. Den nasjonale målsetjinga er 90 % diagnostisering. Helse Vest låg på 69 % i 1. tertial, mens det nasjonale gjennomsnittet var 66 %.

1.2 Grenseverdiar innan psykisk helsevern for vaksne

1.2.1 Indikator: Epikrisetid innan psykiatri

Grenseverdiar i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	100 % - 79 %	100-80 %
 Gult	79 % - 60 %	80-60 %
 Rødt	60 % - 0	60-0 %

Kommentar

Den nasjonale målsetjinga er at 80 % av epikrisene skal sendast innan 7 dagar. I forslaget frå administrasjonen legg ein opp til at HF'a får grønt lys dersom dei oppnår den nasjonale målsetjinga. Grensene er sett like både for somatikk og psykiatri.

1.2.2 Indikator: Andel korridorpasientar innan psykiatri

Grenseverdiar i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 % - 1 %	0 % -1 %
 Gult	1 % - 3 %	1 % -3 %
 Rødt	3 % - 100 %	3 % og over

Kommentar

Målsetjinga er at ein som hovudregel ikkje skal ha nokon korridorpatientar. I Helse Vest ligg ein no samla på 2 %. Det er likevel relativt store variasjonar føretaka i mellom på korridorpatientproblematikken slik at ein her kan tenkje seg ein situasjon der indikatoren for heile regionen er raud, medan ei nærare undersøking av forholdet viser at kun eitt av HF'a har raud indikator og dei tre andre har grøn indikator. Dersom det er stort sprik i måloppnåinga HF'a i mellom er det viktig at administrasjonen synleggjer dette i rapporteringa slik at ein får fram eit meir nyansert bilete.

1.3 Grenseverdier innan somatikk

1.3.1 Indikator: Epikrisetid innan somatikk

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	100 % - 80 %	100 % -80 %
 Gult	80 % - 60 %	80 % - 60 %
 Rødt	60 % - 0 %	60 % - 0 %

Kommentar

Den nasjonale målsetjinga er at 80 % av epikrisene skal sendast innan 7 dagar. I forslaget frå administrasjonen legg ein opp til at HF'a får grønt lys dersom dei ligg klarar å nå den nasjonale målsetjinga. Pr. november ligg gjennomsnittet for alle helseføretaka i regionen på 65 % på denne indikatoren. Sjølv om ein enno ligg eit stykke unna den nasjonale målsetjinga ligg føretaka i Helse Vest relativt godt an samanlikna med resten av landet. Grensene er sett like både for somatikk og psykiatri.

1.3.1 Indikator: Korridorpatientar innan somatikk

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 % - 1 %	0 % -1 %
 Gult	1 % - 3 %	1 % - 3 %
 Rødt	3 % - 100 %	3 % og over

Kommentar

Den nasjonale målsetjinga er at ingen pasientar skal ligge på korridoren. I gitte tilfeller vil det likevel vera slik at de er mest hensiktsmessig at pasienten blir plassert på gangen for eksempel dersom pasienten blir innlagt midt på natta. Intervallet for grøn indikator er difor sett frå 0 – 1%. Gjennomsnittet i Helse Vest ligg p.t på 4 %, og det er særleg ein

institusjon drar opp dette gjennomsnittet. Som allereie nemnt under kommentaren til korridorpasientar innan psykiatri er det viktig at nyansane i dette kjem fram i styrerapporteringa.

2. AKTIVITET

2.1 Grenseverdiar innan aktivitet somatikk

2.1.1 Indikator: Aktivitet målt i strykingar av planlagde operasjonar

Grenseverdiar i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 % - 5 %	0 % - 5 %
 Gult	5 % - 10 %	5 % - 10 %
 Rødt	10 % - 100 %	10 % og over

Kommentar

Denne indikatoren ligg i grenselandet mellom kvalitet og aktivitet. Den nasjonale målsettinga er at andelen strykingar helst ikkje skal vera høgare enn 5 %. Grenseverdiane er sett ut frå denne nasjonale målsettinga. I Helse Vest var andelen 8 % samla i 2. tertial 06, og alle dei fire HF-a hadde meir enn 7 % strykingar av planlagde operasjonar.

3. ØKONOMI

3.1 Indikator: Resultatavvik for perioden

Grenseverdiar i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 tusen - -5 mill	0 % - 0,1 % avvik
 Gult	-5 mill - - 15 mill	0,1 % - 0,5 % avvik
 Rødt	- 15 mill - - 60 mill	0,5 % og over

Kommentar

Ved å setja grenseverdiane i % av omsetning oppnår ein at grenseverdiane fungerer også sett pr. månad. Grenseverdiane vil også med dette kunne gi meining ned i organisasjonen. I ei verksemd med ei omsetjing på nærare kr 15 mrd. bør ein kunne akseptere at resultatet varierer rundt +/- 0,5 %. På den andre sida utgjer eit avvik på 0,5 % i ei så stor verksemd mykje i kroner, og dette gjer at ein har sagt at avvik utover 0,5 % resulterer i raud indikator.

3.3 Indikator: Resultatavvik hittil

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 tusen - -20 mill	0 % - 0,1 % avvik
 Gult	-20 mill - - 40 mill	0,1 % - 0,5 % avvik
 Rødt	- 40 mill - -160 mill	0,5 % og over

Kommentar

Ved å setja grenseverdiane i % av omsetning oppnår ein at grenseverdiane fungerer også sett pr. måned. Grenseverdiane vil også med dette kunna gje meining ned i organisasjonen. I ei verksemd med ei omsetjing på nærare kr 15 mrd. bør ein kunne akseptere at resultatet varierer rundt +/- 0,5 %. På den andre sida utgjer eit avvik på 0,5 % i ei så stor verksemd mykje i kroner, og dette gjer at ein har sagt at avvik utover 0,5 % resulterer i raud indikator.

3.4 Indikator: Resultatavvik prognose

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	Ikkje definert	0 % - 0,1 % avvik
 Gult	Ikkje definert	0,1 % - 0,5 % avvik
 Rødt	Ikkje definert	0,5 % og over

Kommentar

Indikatoren for ”resultatavvik prognose” fortel oss kva som er prognostisert status på trafikklyset for resultatet sett for heile året. Det har på dette måleparameteret fram til no ikkje vore sett nokon grenseverdi. Forslaget for 2007 er å bruke same akseptansegrenser som for dei to resultatbegrepa (sjå pkt. 1.3 og 2.3).

Erfaring viser at presisjonsnivået i prognosene frå helseføretaka kan betrast, og administrasjonen vil difor snarleg gjere eit arbeid for å vurdere metodikk og kva prinsipp som skal leggst til grunn for utarbeidinga av prgnosene frå føretaka.

4. MEDARBEIDAR

4.1 Indikator: Sjukefråvær

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 % - 3 %	0 % - 4,5 %
 Gult	3 % - 5 %	4,5 % - 7,5 %
 Rødt	5 % - 10 %	7,5 % og over

Kommentar

Forslag til målsetjing for 2007 ligg vesentleg under gjennomsnittet for heile spesialisthelsetenesta. Gjennomsnittet i næringslivet ligg på om lag 6,6 %. og er ei målsetjing som gjer at ein kan samanlikne seg med andre bransjar. Årsaka til at målsetjinga er heva frå 3,5 % til 4,5 % er at målet vart oppfatta som urealistisk lågt i 2006 både av HF'a og av Helse Vest administrasjonen. Den nye målsetjinga er også krevjande, men bør være mogleg å nå.

4.2 Indikator: Netto månadsverk

Grenseverdier i 2006 og 2007

Administrasjonen foreslår å behalde same grenseverdier som i 2006.

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	1 % - 2 %	0 % - 2 %
 Gult	2 % - 3 %	2 % - 3 %
 Rødt	3 % - 4 %	3 % og over

Kommentar

Netto månadsverk er utførte dagsverk omgjort til heile stillingar som har vore i "produksjon". Avvik blir målt mot den målsettinga som er sett for kvart helseforetak. Det er behov for å forankre målsettinga for helseforetaka betre ut mot dei enkelte styra og målinga av indikatoren med grenseverdier vil derfor ikkje kome i gang før dei HF-spesifikke måltala er styrebehandla i helseforetaka. Dette vil skje i løpet av første tertial.

4.3 Indikator: Avvik variabel løn

Grenseverdier i 2006 og 2007

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	Ikkje definert	0 % - 1 % avvik
 Gult	Ikkje definert	1 % - 2 % avvik
 Rødt	Ikkje definert	2 % og over

Kommentar

Det har ikkje blitt rapportert på denne indikatoren i 2006 grunna manglande datafangst. Det som skal målast på denne indikatoren er avviket mellom rekneskap og budsjettert variabel løn. Indikatoren vil bli tatt i bruk når felles kontoplan er etablert innan lønsområdet.

4.4 Indikator: Antall einingar med over 4,5 % sjukefråvær

Grenseverdier i 2006

Trafikklys	Grenseverdi 2006	Grenseverdi 2007
 Grønt	0 % - 25 %	0 % - 25 %
 Gult	25 % - 50 %	25 % - 60 %
 Rødt	50 % - 100 %	60 % og over

Kommentar

Grenseverdiane tar utgangspunkt i kor mange av det totale antalet einingar med personell som har eit uakseptabelt høgt sjukefråvær. Definisjonen på "eining" i denne samanheng er dei organisatoriske einingane som ein finn igjen i ansvarskontoplanen i økonomisystemet og der det ligg lønskostnader. Dette betyr igjen at det kan være relativt stor forskjell på talet på tilsette i dei ulike einingane. Dette må ein ha med i vurderinga når ein ser på avvik i forhold til målsettinga.